

TEMAPLAN		Ytre Hafstad barnehage
Periode:	Januar, februar og t.o.m. veke 12 i mars 2022	
Tema:	Eventyr, forteljing og leik	
Utgangspunkt i rammeplanen:	<p>Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna</p> <ul style="list-style-type: none"> - møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer - opplever spenning og glede ved høgtlesing og forteljing - vidareutviklar omgrepsforståinga og brukar eit variert ordforråd <p>Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.</p> <p>Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna brukar fantasi, kreativ tenking og skaparglede. Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid.</p> <p>Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. Personalet skal bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa.</p> <p>Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna</p> <ul style="list-style-type: none"> - utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep - leikar og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på 	
Hovudmål:	<p>Barna skal få bli godt kjent med fleire eventyr/forteljingar som er ein del av den norske kulturarven, samt eventyr som representerer mangfaldet i barnegruppa.</p> <p>Barna i gruppa skal få felles inntrykk som gjev inspirasjon til rolleleik, fantasi, kreativ utfolding og læring.</p>	
Delmål:	<p>Skape glede, samhald og stoltheit i møte med kunstneriske uttrykk frå eit mangfald av kulturar.</p> <p>Gje barna felles inntrykk som:</p> <ul style="list-style-type: none"> - inspirerer til kreativ leik og skaparglede - dannar grunnlag for at alle barna forstår leiketemaet, og såleis får høve til å bidra aktivt både ved å delta og utvikle leiken <p>Skape grunnlag for leseglede, utvikle evna til å lytte til og forstå innhald i tekst, samt utvikle forståing for ord og omgrep.</p> <p>Gje barna erfaringar med matematiske omgrep som er ein del av innhaldet i eventyra.</p>	

Aktivitetar:

Formidle eventyr/forteljingar for alle barna i gruppa. Avdelingane vel eventyr/forteljingar som høver for alder, modning og interesse til barna i gruppa, samt med utgangspunkt i barna sin kulturelle bakgrunn.

God bruk av stemme og kroppsspråk, samt nytte bilete og/eller konkretar til alle eventyr som blir formidla.

Bruke element frå «Dialogisk lesing» og «Grip omgrepa»:

- gjenta same forteljing fleire gonger og fortalt på ulike måtar, motivere barna gradvis meir og meir inn i forteljarrolla
- velje fokusord med utgangspunkt i teksten
- på Skogen, med dei eldste barna på Kulpen og Fjellet og i språkgrupper: lage tanke-/assosiasjonskart knytt til fokusord
- arbeide med fokusord gjennom samtale, leik, drama og praktiske aktivitetar, som gjev barna erfringar knytt til fokusorda og såleis betre føresetnadar for god ordforståing

Personalet er mediator i leik, og nyttar felles tema for å skape gode føresetnadar for inkludering og utvikling for alle barn i gruppa.

- er nær i leiken, observerer, rettleier barna i sosial samhandling og gjev støtte til at alle får vere deltakande og ha medverknad i leiken
- gjev tilgang til utstyr, konkretar, illustrasjonar mm som inspirerer til frileik med utgangspunkt i felles tema
- motiverer til leik med utgangspunkt i eventyr/forteljing ved sjølv å setje igong, delta i og vere kreativ i leiken
- ha ein dagsrytme som gjev barna høve til å leike djupt, konsentrert og utan unødige avbrot

Leik som sak på alle avdelingsmøter i perioden: Dele erfaringar frå leiksituasjonar gjennom praksisforteljingar, og reflektere saman for å skape individull og kollektiv utvikling.

Dramatisere eventyr/forteljingar for barna, og etter kvart motivere til få barna deltakande i dramatiseringa. Dramatisere og leike eventyr også ute, både på leikeplassen og på tur.

Formingsaktivitetar der barn og vaksne saman lagar utstyr og konkretar som vi kan nytte til å dramatisere/leike eventyr og forteljingar.

Song, musikk og dans med tilknytning til eventyr/forteljingane.

Ta utgangspunkt i tal og matematiske omgrep som er ein del av eventyra/forteljingane, og arbeide med desse gjennom samtale, teljing, visualisering og praktisk utprøving.

Dei eldste barna (Skogen) lagar ei digital bildeforteljing eller ein film knytt til eit av eventyra/forteljingane.

Arbeide med temaet, dramatisere og leike eventyr også ute, både på leikeplassen og på tur.

Karneval 18.2. vert knytt til temaet. Vi oppmodar om å kle seg ut som ein rollefigur innanfor dei eventyr/forteljingar vi har fokus på i perioden. Vidare oppmodar vi barn og foreldre til å velje enkle utklodingar; gamle klede frå skuffer og skap, og effektar som er enkle å lage.

